

ÅRSMELDING 2021

INNHALD

STYRET I FITJAR KRAFTLAG	2
ÅRSMELDING 2021	3
ÅRSREGNSKAP 2021	12
Resultatregnskap	12
Balanse	13
Samfunnsregnskap	15
Kontantstraumoppstilling	16
Nøkkeltal	17
Notar	18
Melding frå revisor	26



Frå venstre: Styremedlem Magne Siglen, styremedlem Ingelill Handeland Eide, nestleiar Torstein Grimen, vara Silje Haukeland, styreleiar Agnar Aarskog, dagleg leiar Therese W. Nysæther og observator og driftsansvarleg Arnbjorn Mæhle.



Foto: Mari Sørheim

ÅRSMELDING 2021

Fitjar Kraftlag er eigd av Fitjarbuen sjølv og andre som kan vera medlem i Kraftlaget. Saman vil me styrka selskapet og bidra til utvikling av bygda vår.

Eit av måla til styret er å gje tilbake til Fitjar-samfunnet. Verdiane vert skapt lokalt, og skal først tilbake til både kundar og lokalsamfunn. Me deler difor kvart år ut midlar til lokale lag og organisasjonar, eller gode initiativ og prosjekt som kan koma alle i Fitjar til gode. Me har og betalt ut kjøpsutbytte på til saman 9,4 mill. kroner til medlemmane dei 2 siste åra.

Styret og administrasjonen har stort fokus på medlemskap og jobbar aktivt med å få nye medlemmar inn i Kraftlaget. Me ynskjer at flest mogleg av kundane våre er informert om medlemskap og ser verdien av å vera medlem hos oss.

Nytt av året er at me no tilbyr sal av elbilladar. Me har sett opp badetemperaturmålar i Kråko og me har sett opp værstasjon, ved inntaktsbua vår, på Midtfjellet. Den vert flittig brukt. Julelysa som kjem på i teletårnet

på Storhaugen har me og fått gode tilbakemeldingar på. Gratis kino på 17. mai var ein suksess og Fitjar Ungdomsråd vart svært glade for gåva dei fekk på kr 50 000 til å bruka på ungdommane, no når pandemien (covid 19) har pågått. Me er glad for at me kan bidra til gode tiltak i bygda vår.

Fokusområda til Kraftlaget er breibandsverksemd, kraftomsetning, produksjon, eigarskap og samfunnsutvikling.

Kraftmarkedet dette året har vore svært krevande med uvanleg høge prisar. Det har vore vanskeleg å henta inn dei høge prisane frå kundane. Me har tapt pengar på kraftomsetning dette året og det gjer at driftsresultatet vert negativt. Årsresultat etter skatt er positivt. All gjeld er nedbetalt. Økonomien i Kraftlaget er god.

Vårt slagord er **Kraft til utvikling!**



Kristoffer Urdal i masto.

Føremål

Fitjar Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkeforetak. Føremålet til foretaket er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet")
 - Eiga aksjar i selskap som driv nettverksemd.
 - Omsetja elektrisk energi.
 - Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg eller -selskap.
 - Eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjons-løysingar.
 - Eiga, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
 - Delta i tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet
 - Yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet
- Overskotet skal primært nyttast til vida reutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, ålmennyttige tiltak som kan koma medlemmar, og lokalsamfunnet i konsesjons-

området til gode, dernest kjøpsutbyte. Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar kommune.

Samfunnsutvikling

Fitjar Kraftlag har heilt sidan starten i 1935 vore samfunnsbyggjaren, det ynskjer styret at Kraftlaget skal vera også i framtida. Styret ynskjer å bruka ressursane i selskapet til det beste for lokalsamfunnet. Samtidig som ein sikrar det som i dag er kjerneverksemd på ein best mogleg måte for framtida.

Fitjar Kraftlag bidreg årleg til lokalsamfunnet gjennom utdeling av gåver til ålmennyttige tiltak, me vil vera ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar. I åra som kjem vil me og vera med på prosjekt som utviklar Fitjar samfunnet, då me ynskjer at Fitjar skal vera ein god stad og bu.

Fitjar Kraftlag SA har i samarbeid med Fitjar kommune danna selskapet Fitjar Utvikling AS, dette selskapet kan vera eit reiskap for å utvikla Fitjar samfunnet på ein god måte for innbyggjarane.

Breiband

Drifta på breibandsnettet har vore stabil. Investeringar og omdisponering av kablar heldt fram for å kunne levere optimale tenester til nye og gamle kundar. Dette året har også vore eit spesielt år med tanke på pandemien (Covid 19). Ein har måtta tatt stilling til smittevern i alle situasjonar, men det har heldigvis gått veldig bra og me har ikkje hatt noko smitte.

Den nye tv-plattformen har vore populær og me har fått positive tilbakemeldingar på denne. I starten av dette året har me jobba med å få resterande kundar over på ny TV løysing då den gamle plattformen blei fasa ut våren 2021. Me har gjort store investeringar sidan hausten 2017 i nytt utstyr til kundar grunna overgang til ny plattform, då me har bytta ut alle heimesentralar og TV dekodarar til alle kundar.

Oppgradering av breibandsnettet pågår kontinuerlig. Me vil leggja til rette for at alle kundar kan bestilla det nyaste innan Altibox, som gir gigabit-forbindelse og nyare tv/streaming løysingar.

Me har kopta opp 71 nye leveransepunkt i år. Dette er ein normal auke samanlikna med dei siste åra. Ved årsskiftet hadde me 1573 kundar.

Me gjekk over til nye kundesystem i november 2020. Overgangen gjekk fint og dei nye systema fungerer bra.

Me har oppgradert delar av utstyret i våre breibandsnoder. Dette er utstyr som er utdatert, der ytelsen ikkje held dagens krav, og leverandøren begynner å gå tom for reservedeler.

Kraftproduksjon

Drifta av produksjonsanlegga har vore krevjande dei siste åra og det er behov for investering i nye kontrollanlegg. Nye kontrollanlegg er bestilt til begge kraftstasjonane og dei skal etter planen bli levert våren 2022. Nye kontrollanlegg vil gi betre overvaking og optimalisering av anlegga.

Produksjonen var låg dette året, mykje grunna lite nedbør store delar av året. Grunna generatorhavari i starten på november på Rimbareid Kraftstasjon, vart det ikkje meir produksjon dette året. Mekaniske problem sette Årskog Kraftstasjon ute av drift ein periode på hausten.

Produksjonen var om lag 40 % lågare i 2021 enn i 2020, og produksjonen var om lag 57 % lågare enn middelproduksjon dei siste 10 åra. Total produksjon var 3,01 GWh. Rekordhøge straumprisar dette året gjer at driftsresultatet vart positivt. Oppnådd gjennomsnittspris for produksjonen dette året vart 77,07 øre/kWh.

Kraftomsetning

Det er svært stor konkurranse i dette segmentet. Me blir stadig pressa av mange leverandørar som vil ta vår marknadsandel. Konkurransen vil ikkje minka dei komande åra, men me håpar me kan vera ein god lokal leverandør også i framtida.

Kraftlaget vil vera konkurransedyktige. Me vil fokusera på truverdigheit, enkle prisar utan skjulte kostnader, rask og god kundeservice. Me legg opp til prissikring av deler av volumet for å halda stabile og forutsigbare prisar ut til kundane på standard variabel produktet vårt.

Gjennom 2021 er det inngått fastpriskontraktar med kundar med varighet i 12 månader. Fastprisen som er inngått er lågare enn antatt pris på straumen utover i 2022 og Kraftlaget vil dermed gå med tap for desse fastpriskontraktane. I tråd med NRS 13 Usikre forpliktelser og betinga eigedelar er det gjort ein avsetning for dette tapet i regnskapet for 2021. Tapet er estimert til TNOK 2 869 og ført som kortsiktig gjeld i rekneskapet.

Denne hausten oppretta me kraftproduktet, Spot plusskunde hushaldning og Spot plusskunde bedrift. Dette produktet tilbyr me våre plusskundar, kundar som både brukar og produserer straum. De kan lesa meir om våre ulike kraftprodukt på nettsida vår.

Kraftsituasjonen har vore prega av høge kraftprisar, spesielt mot slutten av året. Det er særleg sørlige Norge (vårt område) som hadde høge kraftprisar samanlikna med tidlegare år. Dette er ein stor kontrast til de rekordlåge kraftprisane i 2020.

Kraftlaget har tapt pengar på kraftomsetning dette året, me har ikkje tatt godt nok betalt for straumen. Kundane har hatt ein «god» pris.



Olstjødno april 2021. Foto: Irene Karin Torvund.

Elhub

Elhub er kraftbransjen sin felles «sentral» der alle data frå straummålarar i landet vert samla inn i eit felles system. Her finn du dine abonnement med informasjon om straumforbruk, kraftleverandør og anna. Ynskjer du til dømes å sjå kva straumforbruk du har time for time kan du logge deg på Elhub Web Plugin og sjekka: plugin.elhub.no

Anna verksemd

Elbillading

Denne hausten gjekk me inn på ein avtale med utstyrsleverandøren Wallbox om sal av elbilladarar. Samtidig gjekk me inn på ein samarbeidsavtale med Aarskog Elektro AS om installasjon av ladeutstyr. Me valde Wallbox som utstyrsleverandør, då dei leverer små, smarte, enkle og monteringsvennlige ladarar. Dei er enkle å bruke og har tilkoblingsmogleigheiter slik at man og kan styre dei eksternt med f. eks. app. Ein kan og styre den utan å være tilkobla internett. Første elbil-ladar kunden fekk me i november.

Eigarskap

Når nettverksemda vart selt, fekk Fitjar Kraftlag eigarpost i Haugaland Kraft (HK). Fitjar Kraftlag tok samstundes eit strategisk grep ved at ein bytta eigarposten i SKL mot eigarskap i HK. Gjennom eigarskap i HK eig Kraftlaget indirekte i kraftproduksjon då SKL er eit dotterselskap til HK. Fitjar Kraftlag eig 3,6 % i Haugaland Kraft. Fitjar Kraftlag eig 3,35 % i Midtfjellet Vindkraft AS. Fitjar Kraftlag har i lag med Fitjar Kommune stifta selskapet Fitjar Utvikling AS. Formålet med selskapet er å fremja utvikling av Fitjar gjennom investering, samarbeid og tilrettelegging, samt det som står naturleg i forbindelse med dette. Partane eig 50 % kvar. Det har ikkje vore mykje aktivitet i selskapet dette året. Utbyte frå Haugaland Kraft AS utbetalt i 2021 var på ca. 8,6 mill. kroner. Det vart ikkje betalt ut utbyte frå Midtfjellet Vindkraft AS dette året.

Ålmennyttinge tiltak/sponsorstøtte

Kraftlaget har støtta lag, organisasjonar og enkelttiltak i Fitjar med ca. 1.25 millionar kroner. Av desse er 962 tusen kroner knytt til årleg utdeling til ålmennyttinge tiltak.

Desse organisasjonane/tiltaka vart tildelt støtte ved utdeling til ålmennyttinge tiltak:

• Fitjar Kultur- og Idrettsbygg (Presentabelt uteområde)	Kr 180.000,-
• Fitjar Idrettslag (Støtte til lokalidretten)	Kr 150.000,-
• Vestbøstad Vel (Oppgr. av offentlig badestrand)	Kr 120.000,-
• Fitjar Bygdeungdomslag (Nye vinduer)	Kr 50.000,-
• Brandasund Grendalag (Grendatun)	Kr 50.000,-
• Fitjar Skyttarlag (Ferdigst. av miniatyrskytebane)	Kr 50.000,-
• Dåfjorden Velforening (Oppgradering av parkeringsplass)	Kr 30.000,-
• Osternes Grendalag (Bidrag til kveldsturhytta)	Kr 30.000,-
• Fitjar Skulekorps (Nytt instrument)	Kr 30.000,-
• Fitjarstølane Velforening (Opprusting av lekeplass)	Kr 25.000,-
• Fitjar Frivilligsentral (Ope hus for ungdom)	Kr 25.000,-
• Fitjar Musikklag (Nytt instrument)	Kr 25.000,-
• Søre stølen Velforening (Parkour på leikeplass)	Kr 25.000,-
• Øvrebygda Velforening (Turveg Surefjedlet)	Kr 25.000,-
• 2006 kullet ved Rimbareid skule. (Aktive fredstreiser, Polen)	Kr 22.500,-
• Speidaren i Fitjar (Forberedelser til landsleir)	Kr 20.000,-
• Hatlevik Bedehus (Ny ytterdør)	Kr 20.000,-
• Stord Motorsportklubb (Midler til WC)	Kr 15.000,-
• Årskog Barnehage (Oppgradering leikeområde)	Kr 10.000,-
• RS UNG Stord (Utstyr til båt)	Kr 10.000,-
• Fitjar Shotokan Karateklubb (Profilering og rekruttering)	Kr 10.000,-
• Temakveldgruppa i Fitjar Kyrkje. (Temakveldar)	Kr 10.000,-
• Rimbareid skule gAB (Gje ut kokebok)	Kr 10.000,-
• Fitjar Racing Team (Ungdomstiltak)	Kr 10.000,-
• Stord Fitjar demensforening (Trivselstiltak)	Kr 5.000,-
• Strand Motorsport (Støtte til barne / ungdomstiltak)	Kr 5.000,-



Lærlingane våre Kari Havnerås og Håvard Fitjar.



Musikantar frå Fitjar skulekorps. Foto: Anne Sofie Skumsnes



Svane på Kråko.

Informasjon

Kraftlaget nyttar nettstaden www.fitjar-kraftlag.no til informasjon om alle tilhøve kring drifta og til prisinformasjon. Med jevne mellomrom vert det sendt ut nyhetsbrev på epost til alle kundar. Kraftlaget sender ut SMS ved kraftprisendring på straumproduktet standard variabel. Varsling av planlagt arbeid og anna viktig informasjon kan og bli sendt på SMS. Me er og på Facebook og Instagram. Søk oss gjerne opp der!

Organisasjon og personale

Kraftlaget hadde ved årsskiftet i alt 8 tilsette, av desse 2 lærlingar. Det vart utført til saman 7,46 årsverk dette året. Kraftlaget tilbyr læreplass i kontor- og administrasjonsfaget og telekommunikasjonsmontørfaget.

Strategi / Framtidsutsikter

I strategiarbeidet har ein kome fram til nokre punkt som er viktig for kundar/medlemmar i Kraftlaget i åra som kjem.

Denne hausten kunne me byrja å selga elbilladarar, dette i samarbeid med Årskog Elektro som står for sjølve installasjonen av ladarane. Det vart og installert ein værstasjon med webkamera ved Olstjørna, eit tilbod som har blitt svært populært å bruke når ein f. eks vil gå ein tur i fjellet. Me har og installert bade-temperaturmålar i Kråko. Informasjonen frå værstasjon og bade-temperaturmålar ligg på nettsida vår. Det vert jobba med å få på plass ein App for kundane våre og me håpar at denne er på plass

i løpet av året 2022. Me vil og sjå på muligheten for å kunne tilby andre aktuelle produkt som for eksempel solcelle, men me er eit lite selskap, med få ressursar, så me må prioritera kva me skal gjere først og sist. Oppgradering av våre kraftstasjonar vil bli prioritert i 2022. Både Årskog Kraftstasjon og Rimbareid Kraftstasjon vil få installert nye kontrollanlegg, dette for å få betre overvaking og optimalisering av drifta. Rimbareid Kraftstasjon vil få ny generator etter havari. Ny generator er delvis finansiert av forsikringsoppgjør. Ny turbin vil og bli installert, så denne kraftstasjonen vert tilnerma ny. Me forventar at produksjonen på kort sikt vil gje god avkastning.

Det er utsikter til å få gode utbytter frå Haugaland Kraft AS i åra som kjem. Midtfjellet Vindkraft kan og gje oss noko utbytte, sjølv om det er meir usikkert og avhengig av gode vindforhold og prisar i marknaden. Styret ser for seg at ein vil kunna levera positivt driftsresultat over tid, men kraftmarkedet er ustabil for tida. Det er svært utfordrande på kraftomsetning i år der prisane stig veldig fort og uforutsigbart, men håpet er at det vil stabilisera seg igjen. Me er, og skal vera, ansvarlege, sjå moglegheiter, yta god kundeservice og samarbeida med lokal-samfunnet. Med dette grunnlaget skal me vera samfunnsbyggjaren langt inn i framtida.

Vårt slagord er **Kraft til utvikling!**

Styret

Kraftlaget har eit styre på fire medlemmer som er valde av årsmøtet. Det er 1 varamedlem. Styret har i 2021 hatt 7 møter. Det er eit godt samarbeidsklima i styret, og mellom styret og administrasjon. Styret ynskjer å takka alle tilsette for jobben som er gjort i 2021.

Styremedlemmer:

Agnar Aarskog, styreleiar
Torstein Grimen, nestleiar
Magne Siglen, styremedlem
Ingelill Handeland Eide, styremedlem

Varamedlem:

Silje Haukeland

Valnemnd:

Valnemnda har tre medlemmer som er valde av årsmøtet. Valnemnda har konstituert seg sjølv.

Desse er i valnemnda:

Ingrid Vestbøstad
Terje Vidar Vestvik
Geirmund Aga

Medlemskapital

Det er totalt 1200 medlemmar. Medlemskapital pr 31.12 er på kr 5 359 889 inklusive renter.

Renter på medlemskapitalen

Styret rår til at rentefoten på medlemskapitalen i 2021 vert sett lik skjermingsrenta på 0,5 %.

Resultat

Styret foreslår at årsoverskotet på kr 3.450.327 vert disponert slik:

Avsett til fond for ålmennytte tiltak	500.000
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar *	1.600.000
Overføring til annan egenkapital	1.350.327
Sum disponeringar	3.450.327

Styret foreslår å redusera etterbetalingsfondet med kr 3.400.000 for å betale ut kjøpsutbytte til medlemmane. Totalt kjøpsutbytte til medlemmane vert då kr. 5.000.000.

Etterbetalingsfondet vil då vera på kr 1.600.000 pr. 31.12.2021.

* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra utbetaling av kjøpsutbytte til medlemmane hausten 2022, fordelt etter medlemmane si omsetning med Kraftlaget gjennom 2021. Administrasjonen skal sørgje for at utbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Utbytte gjeld for medlemmar per 31.12.2021, for handel etter inngått medlemskap.

Rentesats på medlemskapitalen vert sett lik skjermingsrenta på 0,5 %.

Rentesaldoen vert tilført medlemskapitalen med verknad frå 09.06.2022.

Fitjar, 25. april 2022

Agnar Aarskog, Styreleiar

Torstein Grimen, Nestleiar

Magne Siglen

Ingelill Handeland Eide

Frå venstre: Driftsansvarleg Arnbjørn Mæhle, Telekommunikasjonsmontør Trond Ivar Olsen, Marknadsansvarleg Malin Helena Tanskanen, Lærling i kontor- og administrasjonsfaget Kari Havnerås, Dagleg leiar Therese W. Nysæther, Kundehandsamar May-Lin Olsen, Lærling i telekommunikasjonsmontørfaget Håvard Fitjar og Telekommunikasjonsmontør Kristoffer Urdal.



ÅRSREGNSKAP 2021

RESULTATREGNSKAP

INNETEKTER	Note	2021	2020
Kraftinntekter	2	22 521 590	9 664 799
Breibandsinntekter	2	16 009 798	14 450 982
Andre inntekter	2	1 102 368	2 326 559
Sum inntekter		39 633 756	26 442 340
Varekostnader			
Kraftkjøp	2	25 176 153	5 390 713
Andre varekostnader	2	8 512 964	9 680 712
Dekningsbidrag		5 944 640	11 370 915
Eigne driftskostnader			
Personalkostnader m.m	2,3	4 915 182	3 926 392
Ordinære avskrivningar	2,13	2 523 288	2 580 272
Andre driftskostnader	2,10	4 570 306	5 176 249
Driftsresultat		-6 064 135	-311 999
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte		8 621 694	9 273 487
Andre finansinntekter	12	831 859	664 546
Andre finanskostnader	12	775 801	236 899
Ordinært resultat før skattekostnad		2 613 617	9 389 135
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-836 710	439 746
Årsresultat		3 450 327	8 949 389
Anvendelse av årsresultatet			
Avsett til fond for ålmennyttinge tiltak	9	500 000	1 300 000
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar	9	1 600 000	4 400 000
Overført til annan egenkapital	9	1 350 327	3 249 389
Sum anvendelse		3 450 327	8 949 389

ÅRSREGNSKAP 2021

BALANSE

Eigedelar	Note	2021	2020
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsatt skattefordel	8	3 061 635	1 916 406
Sum immaterielle eigedelar		3 061 635	1 916 406
Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	13	191 241	330 940
Kraftproduksjonsanlegg	13	3 156 157	3 741 078
Breibandsanlegg	13	9 814 865	9 406 682
Anlegg under utførelse	13	1 755 170	0
Sum varige driftsmidler		14 917 433	13 478 700
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	7	336 550 676	336 450 676
Sum finansielle anleggsmidler		336 550 676	336 450 676
Sum anleggsmidler		354 529 744	351 845 782
Omløpsmidlar			
Varer	5	496 357	200 734
Fordringar			
Kundefordringar	4	12 717 994	3 618 118
Andre fordringar		348 050	149 127
Sum fordringar		13 066 044	3 767 245
Investeringer			
Markedsbaserte verdipapirfond	14	8 435 894	12 953 132
Sum investeringer		8 435 894	12 953 132
Bankinnskott og liknande	6	3 930 898	3 258 430
Sum omløpsmidlar		25 929 193	20 179 540
Sum eigedelar		380 458 937	372 025 322



ÅRSREGNSKAP 2021

BALANSE


Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Medlemskapital	9	5 359 889	5 247 755
Sum innskutt eigenkapital		5 359 889	5 247 755
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	355 709 454	358 360 971
Sum opptent eigenkapital		355 709 454	358 360 971
Sum eigenkapital		361 069 343	363 608 726
Gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 096 993	2 787 299
Betalbar skatt	8	230 899	220 445
Skyldige offentlege avgifter		909 879	318 592
Gjeld til medlemmar		4 998 252	4 364 374
Anna kortsiktig gjeld	11	11 153 573	725 886
Sum kortsiktig gjeld		19 389 595	8 416 596
Sum gjeld		19 389 595	8 416 596
Sum eigenkapital og gjeld		380 458 937	372 025 322

ÅRSREGNSKAP 2021

TILBAKEFØRING


Tilbakeført til Fitjarsamfunnet

	2021	2020
Ålmennytige tiltak / sponsorstøtte	1250	1270
Kjøpsutbytte	4400	5000
Skatt på løn	184	214
Eigedomsskatt	114	116
Kjøp av varer og tenester	1823	831
Netto utbetalt løn	1199	1215
Sum	8970	8646



Avgifter til staten

	2021	2020
Skatt på løn	922	882
Folketrygd	718	580
Firmaskatt	-837	440
Meirverdiavgift	1765	1047
Sum	2568	2949



Fitjar skyttarlag.

ÅRSREGNSKAP 2021

RESULTATREGNSKAP

Kontantstrømoppstilling	2021	2020
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	2 613 617	9 389 135
Periodens betalte skatt	-298 139	-889 531
Skatt på tilbakeført underskudd	0	35 152
Tap/gevinst ved avgang/salg av anleggsmidler	0	0
Ordinære avskrivninger	2 523 288	2 580 272
Nedskrivning av varige driftsmidler	0	0
Endring i varelager, kundefordringer og leverandørgjeld	-10 085 805	6 035 397
Endring i andre tidsavgrensingsposter	11 454 002	-6 144 935
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	6 206 962	11 005 491
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler	0	0
Utbetalinger ved investering i varige driftsmidler	-3 962 021	-2 991 310
Utbetalinger ved kjøp av aksjer/andeler i andre foretak	-100 000	-9 623 027
Innbetalinger ved salg av aksjer/andeler i andre foretak	4 517 238	5 800 000
Endring langsiktige fordringer	0	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	455 217	-6 814 337
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0
Innbetalinger i forbindelse med opptak av gjeld	0	0
Inn-/utbetalinger av egenkapital	-5 989 711	-5 523 848
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-5 989 711	-5 523 848
Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter	672 468	-1 332 694
Kontantar og kontantekvivalenter 01.01	3 258 430	4 591 124
Kontantar og kontantekvivalenter 31.12	3 930 898	3 258 430


ÅRSREGNSKAP 2021

NØKKELTAL 2017- 2021

Nøkkeltal	Eining	2021	2020	2019	2018	2017
Brutto driftsinntekter	Tkr	39 634	26 442	37 283	72 480	57 431
Driftsresultat før avskrivninger (EBITDA)	Tkr	-3 541	2 268	4 167	8 696	7 058
EBITDA margin	%	-9 %	9 %	11 %	12 %	12 %
Ordinære avskrivninger	Tkr	2 523	2 580	2 446	5 935	5 503
Driftsresultat (EBIT)	Tkr	-6 064	-312	1 721	2 762	1 555
Driftsmargin	%	-15 %	-1 %	5 %	4 %	3 %
Resultat før skattar	Tkr	2 614	9 389	261 871	6 272	6 396
Årsresultat	Tkr	3 450	8 949	261 359	5 405	5 747
Årlege investeringar	Tkr	3 962	2 991	2 856	12 956	10 463
Totalkapital	Tkr	380 459	372 025	375 243	163 759	147 307
Eigenkapital	Tkr	361 069	363 609	360 183	103 904	98 186
Eigenkapitalprosent	%	95 %	98 %	96 %	63 %	67 %
Produsert energi elektrisk kraft	MWh	3 010	5 094	5 449	4 679	5 055
Antal breibandkundar		1 573	1 502	1 422	1 366	1 302



Tveitafossen. Foto: Mari Sørheim..



Sonedgang ved Ivarsøy. Foto: Bente Haugland.

ÅRSREGNSKAP 2021

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp - Verknad av endring av rekneskapsprinsipp

- Grunnleggjande prinsipp
- Vurdering og klassifisering
- Andre forhold

Årsrekneskapsprinsipp er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapsprinsipp i Noreg for små foretak gjeldande pr. 31. desember 2021.

Årsrekneskapsprinsipp er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning med tidlegare år, fortsett drift, kongruens og forsiktighet. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei er opptent og kostnader vert samanstillt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjupe nedanfor.

Eigedelar/gjeld som vedgår varekretsløpet og postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmidlar/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmidlar/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventede salskostnader. Andre eigedelar er klassifisert som anleggsmidlar. Vurdering av anleggsmidlar skjer til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som forringast blir avskrivne. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigående, vert det føreteke ei nedskrivning av anleggsmiddelet. Tilsvarende prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar.

Det er, i samsvar med god rekneskapsprinsipp, nokon unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notane. Ved bruk av rekneskapsprinsippa og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, skal det leggast vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betingta tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt vert ført i resultatet når ho er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter vert samanstillt med og vert kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivningar. Dersom den reelle verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje reknast å vera forbigående, vert driftsmiddelet skrivne ned til verkeleg verdi. Utgifter i samband med normalt vedlikehald og reparasjonar vert løpande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlane si levetid vesentleg, vert aktiverte. Driftsmidlar som vert erstatta, vert kostnadsført. Eit driftsmiddel blir sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kroner 15 000. Ved utskifting av eksisterande linjenett er det lagt vekt på at endringar som medfører heving av kvalitet eller kapasitet vert aktiverte som varige driftsmidlar, medan resterande vert sett på som vedlikehald. Ein syner i denne samanheng til note om driftskostnader og note om anleggsmidlar.



Svartavatnet.

ÅRSREGNSKAP 2021

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivningane er klassifisert som ordinære driftskostnader.

Varelager og varekostnad

Lageret vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er anskaffelseskost. Årets varekostnad er sett saman av kostpris på selde varer med tillegg av nedskrivning, i samsvar med god rekneskapsprinsipp.

Fordringar

Fordringar er oppført til pålydande med fråtrekk for forventede tap.

Aksjar og andelar

Investering i aksjar eller andelar som ikkje er marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert balanseførte til anskaffelseskost. Rekneskapsføringa følgjer av unntaksregelen for små foretak.

Utsatt skatt og skattekostnad

Utsatt skatt vert rekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekninga vert nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innafor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad er sett saman av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidlegare års berekningar.

NOTAR

Note 2 Segmentinformasjon - rekneskap fordelt på virksomheter

1000 kr	Kraftomsetn	Produksjon	Breiband	Øvrig virksomhet	Avstem. Eliminering	Totalt
Inntekter						
Kraftsal	22 522	2 320			-2 320	22 522
Breibandsinntekter			16 010			16 010
Innt. ved abb., måling, avregn.	18		128			146
Gevinst ved avgang anleggsmidler						0
Andre varer og tenester						0
Andre inntekter			541	415		956
Sum inntekter	22 540	2 320	16 678	415	-2 320	39 634
Kraftkjøp m.v.						
Kraftkjøp	27 496				-2 320	25 176
Kjøp av overføringstenester		14				14
Varekostnader	249	198	7 645	406		8 498
Sum varekjøp	27 745	212	7 645	406	-2 320	33 687
Bruttoavanse	-5 206	2 108	9 033	9	0	5 944
Driftskostnader						
Personalkostnader	1 186	308	3 889	475		5 858
Aktivert lønn			-943			-943
Andre driftskostnader	847	557	2 517	519		4 440
Avskrivningar	6	585	1 932			2 523
Eigedomsskatt		74	40			114
Tap på krav	16		0			16
Sum driftskostnader	2 055	1 524	7 435	994	0	12 008
Driftsresultat	-7 261	584	1 598	-985	0	-6 064

ÅRSREGNSKAP 2021

NOTAR

NOTE 3 Lønskostnader / Antal tilsette / Godtgjersle / Pensjonar mm

	2021	2020
Løn	4 441 918	3 629 572
Folketrygdavgift	718 025	580 474
Pensjonskostnader	374 739	299 529
Andre ytingar	357 069	308 396
Aktivering løn knytta til investeringsprosjekt	-976 569	-891 579
Lønskostnader	4 915 182	3 926 392
Gjennomsnittleg antal tilsette	7,46	6,79
Godtgjersle (i kroner)	Dagleg leiar	Dagleg leiar
Løn	986 448	1 006 250
Anna godtgjersle	5 777	5 566
Godtgjersle til styre og valnemnd	217 566	228 302
Revisor		
Revisjon og revisjonsbesleka tenester eks. mva*	145 000	152 200
Honorar for andre tenester frå revisor eks. mva	63 900	45 500

* Revisjon og revisjonsrelaterte tenester dekkjer alt arbeid som lov om god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunna gi si revisjonsmelding i samsvar med ISA 700 til årsregnskapet, inkludert nødvendig ekstraarbeid og rådgjeving i høve til å kunne framlegge regnskapet i samsvar med lova sine krav.


Samansetting av samla pensjonar og pensjonsforpliktelsar

Pensjonsforpliktelsane for dei tilsette er dekkja ved kollektiv pensjonsforsikring som omfattar totalt 6 tilsette.

I samsvar med unntaksreglane i Rekneskapslova § 5-10 har selskapet ikkje balanseført forsikra pensjonsforpliktelsar. Innbetalt pensjonspremie samsvarer med årets pensjonskostnad. Selskapets pensjonsordning er i samsvar med krav i gjeldande lover vedrørande pensjonsforsikring.



Kyrkjevatnet..



Midtfjellet.

ÅRSREGNSKAP 2021

NOTAR

NOTE 4 Fordringar

Kundefordringar:

Selskapet sine kundefordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventa tap.

Kundefordringar fordeler seg slik:

	2021	2020
Kundefordringar	12 750 612	3 633 254
Tap på krav	-32 618	-15 136
Sum	12 717 994	3 618 118

NOTE 5 Varelager

Selskapets varelager er oppført til lågaste verdi av kostpris og netto salgspris.

	2021	2020	Endring
Varer til bruk i produksjon	496 357	200 734	295 623
Ukurransnedskrivning	0	0	0
Netto bokført verdi av varelager	496 357	200 734	295 623

NOTE 6 Bankinnskot - bundne midlar

Av innestående i bank er kr 331 837,- bundne skattetrekkmidlar. Dette er tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr. 31.12.

NOTE 7 Aksjar og andelar i andre selskap

Anleggsmidlar:

	Eigarandel	Anskaffelseskost	Balanseført verdi
Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	20,00 %	60 000	60 000
Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS	9,71 %	2 468 350	988 000
Atheno prosjektutvikling AS	1,02 %	90 000	90 000
Midtfjellet Vindkraft AS	3,35 %	31 489 032	31 489 032
Haugaland Kraft AS	3,60 %	303 823 644	303 823 644
Fitjar Utvikling AS	50,00 %	100 000	100 000
Sum		338 031 026	336 550 676

ÅRSREGNSKAP 2021

NOTAR

NOTE 8 Skatt

	2021	2020
Betalbar skatt framkjem slik:		
Ordinært resultat før skattekostnad	2 613 617	9 389 135
Permanente forskjellar	-7 819 200	-8 802 251
Endring midlertidige forskjellar	2 478 778	-746 664
Anvendelse av framførbart underskot	0	0
Grunnlag betalbar skatt	-2 726 806	-159 780
Betalbar skatt på inntekt	22,0 % 0	0
Betalbar skatt på formue	0,15 % 230 899	220 445
Sum betalbare skattar	230 899	220 445
Årets skattekostnad framkjem slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	0
Betalbar skatt på skattemessig formue	230 899	220 445
Avrekning betalbar skatt tidlegare år	77 619	90 187
Brutto endring utsatt skatt	-1 145 229	164 266
Skatt på tilbakeført underskudd*	0	-35 152
Årets totale skattekostnad	-836 711	439 746
	2021	2020
Betalbar skatt i balansen framkjem slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	0
Betalbar skatt på formue	230 899	220 445
Betalbar skatt tidlegare år		
Sum betalbar skatt	230 899	220 445
Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:		
Forskjellar som utliknast:		
Anleggsmidler	-8 767 159	-9 294 632
Fordringar	-32 618	-15 136
Pensjon	0	0
Varelager	0	0
Gevinst og tapskonto	479 069	598 831
Andre midlertidige forskjellar	-2 869 000	0
Sum forskjellar	-11 189 708	-8 710 937
Underskudd til fremføring	-2 726 807	-159 780
Tilbakeføring av underskudd for 2020 mot 2019		159 780
Sum	-13 916 515	-8 710 937
Begrensning mhp balanseføring skattefordel/utsatt skatt	0	0
Grunnlag utsatt skattefordel/utsatt skatt	-13 916 515	-8 710 937
Utsatt skatt av midlertidige forskjellar	22 % -3 061 633	-1 916 406

ÅRSREGNSKAP 2021

NOTAR

NOTE 9 Eigenkapital

Eigenkapital:	Medlems- kapital	Etterbetalings- fond	Fond for ålmennytige tiltak	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2020	5 247 755	5 000 000	3 090 500	350 270 472	363 608 727
Årets endring i egenkapital:					
Netto tilgang ny medlemskapital	129 000			0	129 000
Renter på innløyst medlemskapital	-48 352			0	-48 352
Renter på medlemskapital	31 486			-31 486	0
Årsresultat				3 450 327	3 450 327
Reduksjon av fond til ålmennytige tiltak			-1 070 359		-1 070 359
Reduksjon av etterbetalingsfond		-3 400 000			-3 400 000
Avsett til fond for ålmennytige tiltak			500 000	-500 000	0
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar				-1 600 000	-1 600 000
Eigenkapital 31.12.2021	5 359 889	1 600 000	2 520 141	351 589 313	361 069 343

Rentesatsen på medlemskapitalen er 0,6 % jfr. årsmøtevedtak.

NOTE 10 Andre Driftskostnader

Note 10 Andre driftskostnader

Spesifikasjon av posten andre driftskostnader

	2021	2020
Tap på krav	16 777	-148 149
Eigedomsskatt	113 531	116 134
Kostnader administrativ infrastruktur (telefon, strøm, data mv.)	806 742	590 183
Transport og reisekostnader	68 266	46 437
Kjøp av eksterne tenester	725 156	742 301
Forbruk av varer og tenester	311 212	303 072
Sponsorstøtte	151 651	60 750
Andre kostnader	2 376 972	3 465 521
Sum	4 570 306	5 176 249

NOTE 11 Anna kortsiktig gjeld

Gjennom 2021 er det inngått fastpriskontraktar med kundar med varighet i 12 månader. Fastprisen som er inngått er lågare enn antatt pris på straumen utover i 2022 og Kraftlaget vil dermed gå med tap på desse fastpriskontraktane. I tråd med NRS 13 Usikre forpliktelsar og betinga eigedeler er det gjort ein avsetning for dette tapet i regnskapet for 2021. Tapet er estimert til TNOK 2 869 og ført som redusert inntekt på kraftomsetning og som kortsiktig gjeld i balansen.

Spesifikasjon av posten anna kortsiktig gjeld:	2021	2020
Påløpne feriepengar	483 951	448 454
Påløpne kostnader	11 153 573	277 432
Sum	11 637 524	725 886

NOTE 12 Finansinntekter og finanskostnader

Andre finansinntekter	2 021	2 020
Renteinntekter	467 843	253 443
Verdiøkning av finansielle instrumenter	0	411 103
Realisert gevinst	364 016	0
Sum andre finansinntekter	831 859	664 546

Finanskostnader	2 021	2 020
Andre finanskostnader		
Rentekostnader	245 058	236 899
Verdireduksjon av finansielle instrumenter	530 743	0
Sum andre finanskostnader	775 801	236 899



Olstjødno.



Turbin Rimbareid kraftstasjon.

NOTE 13 Varige driftsmidler og immaterielle eigedelar

1000 kr	Transportmidlar	Inventar, EDB, utstyr	Kraftstasjonar	Breiband	Anlegg under utføring	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	133	975	23 580	29 893	0	54 581
Tilgang i året	0	21	0	2 186	1 755	3 962
Avgang i året	0	0	0	1 272	0	1 272
Anskaffelseskost pr. 31.12	133	996	23 580	30 807	1 755	57 272
Akk. av- og nedskriv. pr. 01.01	66	711	19 840	20 486	0	41 103
Årets ordinære avskrivningar	44	116	585	1 778	0	2 523
Avgang akk. av- og nedskriv.	0	0	0	1 272	0	1 272
Akk. av og nedskriv. pr. 31.12	111	827	20 425	20 993	0	42 355
Bokført verdi pr. 01.01	68	265	3 741	9 406	0	13 479
Bokført verdi pr. 31.12	23	169	3 156	9 814	1 755	14 918

Investeringar siste 5 år

1000 kr	Transportmidlar, maskinar	Inventar, EDB, utstyr	Kraftstasjonar	Breiband	Anlegg under utførelse	Sum
2017	0	164	0	3 020	0	3 184
2018	0	176	0	2 736	0	2 912
2019	133	251	0	2 472	0	2 856
2020	0	124	96	2 771	0	2 991
2021	0	21	0	2 186	1 755	3 962
Sum	133	737	96	13 185	1 755	15 905

NOTE 14 Markedsbaserte verdipapirfond

Markedsbaserte verdipapirfond pr. 31.12.21 består av:

Markedsbasert verdipapirfond	Anskaffelseskost	Markedsverdi 31.12
ODIN Rente A	7 400 000	8 435 894

MELDING FRÅ REVISOR



KPMG AS
Sæ 136
5417 Stord

Telephone +47 45 40 40 63
Fax
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlingen i Fitjar Kraftlag SA

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert Fitjar Kraftlag SAs årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav,
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjons handlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir



Uavhengig revisors beretning - Fitjar Kraftlag SA

avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjons handlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Stord, 11. mai 2022
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)




FITJAR KRAFTLAG